


BJERKREIMS NYTT



**INFO TIL BJERKREIMBUEN
DESEMBER 2022**



KOMMUNEHUSET:

Tlf 51 20 11 00
Måndag - fredag kl 08.00 - 15.00
www.bjerkreim.kommune.no

BIBLIOTEKET:

Tlf. 51 45 93 20
biblioteket@bjerkreim.kommune.no
Måndag 15.00 - 19.00
Tysdag 14.00 - 18.00
Onsdag 14.00 - 18.00
Torsdag 12.00 - 15.30
Fredag 12.00 - 15.30

DIM-RENOVASJON:

Returpunkt glas/metall finn du ved kommunehuset. Mottak av avfall frå hushaldningar og landbruk på Vikesdalsmoen gjenvinningsstasjon kvar onsdag kl 11-18. Dersom onsdag er heilagdag eller dag før heilagdag er det stengd. Produksjonsavfall må leverast på Svåheia.

NESTE NUMMER:

Stoff til neste Bjerkreimsnytt må vere inne før **torsdag** 15. desember kl. 24.00. Bladet kjem ut seinast onsdag 4. januar.

UTGJEVAR:

Bjerkreim kommune

KONTAKTPERSON:

Ingunn Ognedal

ANSVARLEG:

Kulturkontoret

TRYKK OG

GRAFISK FORMGIVING:

Jærprint



Hei, gode sambygdingar!

Det går mot advent og julekulene er på plass i butikkane. Det er ei mørk, fin tid, der familie og samhald står for tur i dei fleste heimar. Denne jula har vi fått fleire nye innbyggjarar i Bjerkreim. Fleire av desse nye innbyggjarane kjem til å feira ei annleis jul i år. I eit land dei ikkje har feira jul i før, nokon utan dei kjæraste i livet. Dei fortener alle julegleder vi som samfunn og bygd klarer å dele.

Budsjettet ligg for tur i kommunale organ. Det blir rom for endringar også i år. Vi politikarar prøver å fange opp signal i bygda, som ikkje blir ivaretatt i budsjettframlegget til administrasjonen. Så prioriterer vi så godt vi kan, til det beste for innbyggjarar og Bjerkreim.

Vi har store ambisjonar for utviklinga av Bjerkreim.

Kulturdagen står for tur. Håper mange dukkar opp her for å få med seg utdeling av innsatspremiar og kulturpris. At det er rom for Rune Bjerga, er også stas for kulturdagen. Vi gleder oss til å feire dagen saman med bjerkreimsbuen.

Julegrantenninga skjer kanskje akkurat mens du sit og les dette. Om ikkje kvelden er komen enda; Ta med deg familien til kommunehuset og delta på tenninga. Det er alltid eit fint startskot for adventstida og julestria.

Det er mørkt ute nå, skodda ligg ofte tett på bakken, regn og vind skaper dårleg sikt i trafikken. Vi har fleire som sykklar og går til skule og jobb. Bruk refleks, slik at du blir sett! Vi har ingen å miste.

Da vil eg ønske alle ei fin adventstid, og oppfordre alle til å dele julegleder inn mot 2023.

Vennleg helsing, *Kjetil Stettebo*

POLITISKE MØTE

Innkallingar/protokollar finn du på kommunen sine heimesider:
www.bjerkreim.kommune.no
Kommunestyre: Tysdag 13. desember kl. 16.00

VIKESÅ TAXI
51 45 19 00



BIBLIOTEKET

Biblioteket har ordinære opningstider i romjula.

INNSKRENKA ÅPNINGSTID KOMMUNEHUSET

I romjula blir hoveddøra åpen mellom kl. 9.00 og kl 14.00. Det same gjeld sentralbordtjenesta.

Helsestasjonen er åpen torsdag 29. desember fra kl. 08 - 15, de andre dagene stengt.

JULEGRANTENNING

Tid: Fredag 25.11 kl 18.00

Sted: Utenfor kulturbanken

Vi teller ned til lysa i juletre og julegate tennes.

Gang rundt juletre, forsangere og musikk fra Bjerkreim kulturskole.

Salg av mat v/ BIL Håndballgruppe, ute på bålpanner eller inne i Kulturbanken alt etter været. (Salg av mat fra kl 17.30, pause i matsalg fra kl 18.00 - 18.20 mens vi går rundt juletreet).

Kle deg gjerne ut som nisse!

Arr: Bjerkreim kommune

OFFENTLEG SYMJING

Ring 404 44 955 for å reservere plass!

Velkommen til symjehallen på Vikeså skule, kvar laurdag frå 22.10 t.o.m 17.12. Oppstart etter nyttår 7. januar 2023. Maks 15 personar får plass i kvar badegruppe for vaksne, maks 25 pr. gruppe på familiebadning. Gratis adgang. Hugs badehette. Bleiebarn må bruke badebleie.

Opningstider:

Kl. 10.00 - 10.45 Vaksne over 18 år (Garderobe frå 09.45)

Kl. 10.45 - 11.30 Vaksne over 18 år

Kl. 11.30 - 12.15 Familiebadning

Kl. 12.15 - 13.00 Familiebadning

Kl. 13.00 - 13.45 Familiebadning

Lister vert lagt ut i gangen frå kl. 10.00 for å reservere plass på dei ulike gruppene. Du kan gjerne møte opp utan å ha reservert plass på førehand, men alle må registrere seg før dei går i garderoben. Bur du langt frå bassenget og har vanskar med å kome innom på førehand, så kan du ringe badevaktane og reservere tid.

Ha eit godt bad!



Photo by Celine Savari / Tagami on Unsplash

SVØMMEKURS VÅR 2023

Det blir arrangert svømmekurs på ulike nivåer våren 2023. Oppstart ca. 7. januar. Kurset går over åtte kurskvelder. Oppmøteplan blir sendt ut til alle påmeldte.

Påmelding fra 25. november til 1. januar.

Fredag kl. 15.30 - 16.15

Grunnkurs (fra 5 år. Barnet må ha følge i bassenget)

Fredag kl. 16.15 - 17.00.

Småbarn (fra 3 år. Barnet må ha følge i bassenget)

Fredag kl. 17.00 - 17.45

Grunnkurs (fra 5 år. Barnet må ha følge i bassenget)

Fredag kl. 17.45 - 18.30

Videregående 1 (Må kunne flyte)

Fredag kl. 18.30 - 19.15.

Videregående 2 (Må kunne svømme i dyp del av bassenget)

Vi har i år ikke egne svømmekurs for voksne. Voksne som likevel ønsker svømmeopplæring kan delta på kurset «Videregående 2» og vil få tilbud om et tilpasset opplegg.

Elektronisk søknadsskjema og mer informasjon om de ulike kursene finner du på kommunen sin hjemmeside under Skjema/ søknadssenter - Kultur og fritid. Det tas forbehold om endringer i forhold til antall påmeldte.

MINNER OM HVOR VIKTIG DET ER AT ALLE LÆRER Å SVØMME!

VELKOMMEN TIL KULTURDAGEN OG FRIVILLIGHETENS DAG 2022

Søndag 27.11 kl. 13.30 på Bjerkreim samfunnshus

- Konferansier: Rune Bjerga
- Sang fra Bjerkreim barnekor
- Danseopptreden med dansere fra kulturskolen
- Utdeling av frivillighetspriser, innsatspremier og kulturpris
- Film av barnehagene og skolene fra «Syngende kommune» - prosjektet
- Matsalg v/ Polengruppa i 9. trinn
- Frivillighetstorg
- Salg av kranser m.m. v/ Bjerkreim Brukskunstforening
- Pepperkakeutstilling fra barnehagene
- Konsert med elle melle



Rune Bjerga, konferansier



LEDIGE ANNONSEPLASSER I BJERKREIMSNYTT

Det er ledig annonseplass i Bjerkreimsnytt. En stor annonse på baksida og en liten på side 7 er ledig i 2023. Priser:

Kr 5900,- for stor annonse for heile året

Kr 2950,- for liten annonse for heile året

Prisen er uten mva. Design er ikke inkl.

Vennligst ta kontakt med Ingunn Ognedal, ingunn.ognedal@bjerkreim.kommune.no om du er interessert i å annonsere. Frist: 1. desember (loddrekking ved flere interesserte)

JULEBINGO

Bjerkreim Helselag skal ha Julebingo 14. desember i peisestova på Misjonshuset kl. 14.00- til ca. kl. 16.00.

**Nasjonalforeningen
for folkehelsen**



DUKAR

Helselaget leiger ut kvite dukar.

Kontakt Ingbjörg Vassbø. Tlf. 486 03 535

JILLE FREDAG

Ungdomsklubb fra 7. kl. og oppover.

Fredag 2. desember

Fredag 16. desember (juleavslutning)

Fredag 13. januar

Fredag 26. januar

Velkommen i Skjeraberget folkehelsehus, fra kl. 19 - 22.30

Følg oss på facebook for info og kontakt, «jille fredag».

Styret



FRILUFTSKVELD VED GAPAHUKEN

Når?

Ca. en gang i måneden arrangerer Dalane Friluftsråd friluftskveld, i samarbeid med lokale organisasjoner.

Hvor ?

Ved gapahuken i skogen ved Foreknuten, mellom Bjerkreimshallen og Svelavatnet. Veien inn til gapahuken blir merket fra idrettsplassen. Det er ikke lys på veien eller i skogen, så ta med lommelykt eller hodelykt. Veien er framkommelig for barnevogn og rullestol.

Hvem?

Friluftskveldene er for alle, både unge og gamle, aktive turentusiaster og deg som sjelden er på tur, for personer med nedsatt funksjonsevne, småbarnsfamilier, pensjonister, innvandrere og personer som har behov for å roe ned med en kaffekopp rundt et sprakende bål.

Hva skjer ?

Friluftsrådet arrangerer friluftskveldene sammen med lokale samarbeidspartnere. Programmet vil variere, men det er vanligvis enkle og morsomme aktiviteter, enkel bevertning, kaffe og sosial bålkos.

Datoer:

Onsdag 30. november

Onsdag 18. januar

Onsdag 15. februar

Onsdag 15. mars

Onsdag 19. april

Onsdag 10. mai

Onsdag 7. juni

ÆTTESOGELAGET

Torsdag 1. desember kl.19.00,

på kommunehuset på Vikeså.

Arkeologi på nye veier, funn i Bjerkreim - Presentasjon årshäfte.

Niall Oma Armstrong, feltarkeolog hos Rogaland fylkeskommune, og formidlingskoordinator for Arkeologi på nye veier, Line Murphy, kjem og fortel om funn som er gjort i Bjerkreim i prosjektet.

Presentasjon og utdeling av årshäfte Glimt frå Bjerkreimsogå.

Presentasjon av årboka frå Rogaland Historielag.

Julagraut.

Alle velkomne!

MEDLEMSKVELD

Bjerkreim bygdekvinnelag inviterer til medlemskveld 7. desember kl. 19.00

med adventskos og utlodning. Det serveres grøt og gløgg. Gi oss beskjed om evt. allergier. Varmt velkommen!

INTERNASJONAL KVINNEGRUPPE

Torsdag 8. desember kl. 18.00-20.00 i Skjeraberget folkehelsehus.

Det serveres kaffe, te og litt å spise.

Hvis noen vil ta med noe er det hyggelig, men det er ikke nødvendig.

Det viktigste er å treffes og bli kjente. Velkommen alle kvinner!

NYTTÅRSFEST 31.12.22

På Vikeså Misjonshus kl. 19.00 - 01.30

Er du ny i Bjerkreim?

Feirer du nyttårsaften alene?

Er du voksen - med eller uten familie?

Da er du hjertelig VELKOMMEN til fest!

Påmeldingsfrist: Onsdag 7.12.22

Maks antall: 60 personer

Påmelding til:

Irene Thorberg, tlf. 482 33 025

Gry Songe Kittelsen, tlf. 905 78 064

Arrangør: «Nyttårsjengen»

ROMJULSAMLING FOR ALLE

Tid: 29. des. kl. 18.00

Sted: Vikeså misjonshus

På programmet bl.a.:

Julefilm

Quiz

Julepregang

NB! Vennligst ta med et fat med mat

Alle er velkomne!

ONSDAGSKLUBBEN 3G

Godt humør, godt kledd, godt miljø!

Onsdag 7. desember: Oppmøte Esso litt før kl 10.00. Kjører til Oremoen og museumsbesøk.

Arr. Fellesrådet for eldre og mennesker med nedsatt funksjonsevne.

PENSJONISTLAGET – FØRJULSMØTET

Stad: Vikeså Misjonshus

Tid: Lørdag 10. desember 2022

Kl. 13.00: Festen begynner

Kl. 14.00: Middag med dessert og kaffe

Kl. 17.00: Vel heim

Arild Øygreid spelar og syng.

Underholdning m.m.

Medlemmer i Pensjonistlaget «Vi over 60» samt andre pensjonistar, også utflytta frå Bjerkreim, er velkomne. Personleg inviterte og medlemmer som har betalt medlemskontingent 2022: gratis. Andre kr. 250,-

Påmelding seinast fredag 02.12 kl. 12 til Johan Vassbø.

Tlf. 951 40 659,

e-mail: johan.vassbo@dabb.no

VIKESÅ MISJONSHUS:

07. kl. 20.00 Bønnesamvær

09. kl. 20.00 Fredagsklubben

10. kl. 13.00 Juleavslutning pensjonistlaget

10. kl. 19.30 Grautfest BKU

12. kl. 19.00 Juleavslutning Yngres og Korvetten

14. kl. 14.00 Bingo Helselaget

14. kl. 17.30 Global kafe

14. kl. 19.30 Samtalemøte

18. kl. 10.00 Adventsfrokost søndagsskule

29. kl. 18.00 Romjulsamling for alle

BJERKREIM BEDEHUS DESEMBER 2022

www.bjerkreimbedehus.no

2. kl. 12.00 Babysang

2. kl. 20.00 Fredagstreff

4. kl. 11.00 Endelig søndag, NLM

kl. 11.20 Søndagsskule

5. kl. 18.30 Gutte- og jentelaget

6. kl. 09.30 Minsten (tysdag)

7. kl. 17.30 Global kvelds

9. kl. 19.30 Julesongkveld

12. kl. 19.00 Yngres

14. kl. 09.30 Minsten (onsdag)

16. kl. 12.00 Babysang

18. kl. 11.00 Endelig søndag

20. kl. 19.30 Logos

26. kl. 18.30 Juletreffest, Imf

28. kl. 17.00 Juletreffest, søndagsskulen





VELKOMMEN TIL GUDSTENESTER:

Sundag 4. desember kl. 19.00.

(Merk tid!) Lysmesse i Bjerkreim kyrkje
Konfirmantane deltek.

Sundag 11. desember kl. 11.00.

G3 gudsteneste i Bjerkreim kyrkje
Song: Sång Z

Sundag 18. desember kl. 18.30.

(Merk tid!)
Julekonsert i Bjerkreim kyrkje

Laurdag 24. desember, julaftan, kl. 13.00.

Familiegudsteneste i Ivesdal kyrkje
Song: Vikeså Soul Kids

Julaftan kl. 14.30.

Familiegudsteneste i Bjerkreim kyrkje
Song: Bjerkreim Barnekor

Julaftan kl. 16.00.

Familiegudstenester i Bjerkreim kyrkje
Song: Sylwia Søyland

Sundag 25. desember, juledag, kl. 11.00.

Høgtidsgudsteneste i

Bjerkreim kyrkje

Musikalsk innslag: Borghild Hvidsten
Gjedrem og Gunnar Hågbo

Veteranane frå Ungdomskoret deltek og
under leiing av Arne Bjerkreim

Laurdag 31. desember kl. 23.00.

Nyttårs-gudsteneste i Bjerkreim kyrkje

DØYPTE:

07.08.22 Emma Sleveland
(Egersund kyrkje)

25.09.22 Harry Pettersen
(Ålgård kirke)

23.10.22 Lina Gjedrem

23.10.22 Sherwin Gjedrem

30.10.22 Elea Hetland Vikeså

DØDE:

23.10.22 Tormod Omdal

09.11.22 Edith Marie Halvorsen

10.11.22 Aasta Slettebø

JULEHJELP

I samarbeid med Frelsesarmeen Egersund tilbyr vi «julehjelp» i Bjerkreim. Tilbudet er spesielt for de som opplever at det er vanskelig å få endene til å møtes. Ønsker du å søke - vær oppmerksom på frist 1. desember! Les mer på bjerkreimkyrkja.no/aktuelt/julehjelp. Kontakt Ronny på kyrkjekontoret for hjelp til å fylle ut søknad eller om du har andre spørsmål. Ønsker du å bidra? Vi setter frem en handlevogn på Coop Extra fra 1. desember. Varene som du legger i vognen samles inn og fordeles sammen med andre bidrag til Frelsesarmeen.

Ronny Myksvoll, diakoniarbieder

Mobil: 41669151, e-post: diakon@bjerkreimkyrkja.no

4-ÅRSSAMLING

Det vert samling for 4-åringane (barn f. 2018) i Bjerkreim kyrkje laurdag 3. desember kl. 10.00-ca 11.30.

Me skal få lære litt om kyrkja, høyra bibelhistorie, laga noko fint - og eta masse frukt og peparkaker.

Invitasjon kjem i posten til medlemmar, men alle er velkomne frå det aktuelle alderstrinnet

Påmelding helst innan 28. november til: post@bjerkreimkyrkja.no

STOR JULEKONSERT 18. DESEMBER

Varmt velkomne til årets julekonsert søndag 18. desember kl 18.30 i Bjerkreim kyrkje.

Desse deltek: Vikeså Soul Kids, Bjerkreim barnekor, Hildegunn Gjedrem, Vokal Trio (Valborg B. Bjerkreim, Borghild Hvidsten Gjedrem og Hildegunn Gjedrem), Tirla, Bjerkreim ungdomskor, Karen Sofie Solberg (fløyte), Bjerkreim Brassband og Eli Mari Hadland. Kvelden vert leia av Liv Valbjørg Bakke.

SOM BARN I EIN VESAL STALL

Eg trur ikkje mange av oss brukar ordet vesal noko særleg. Eg trur mange av oss syng «Det lyser i stille grender», uten å tenke så mykje meir over det når vi syng: «Som barn i ein vesal stall». Eg sjølv måtte slå det opp i ordboka, og det mest nærliggjande er ordet dårleg. Altså blei Jesus fødd i ein dårleg stall.

Det er få tider på året me er meir opptekne av tradisjonar og gamle vanar enn i advent og juletia. Eit av mine beste barndomsminne er den gamle julekrybba som mor fann fram og sette oppå stereo-benken i stova. Stallen er enkel, med tørr mose på taket. Den vart faktisk funnen av min far då nokon dreiv og rydda og skulle kaste ting. Han syntes ikkje den kunne kastast (som så mykje anna..), og nå har den altså tent som julekrybbe i min barndomsheim i over 30 år. I nokons auge var det vel ein «vesal» stall, sidan ho vart avskrive. Men for oss i familien har den med tid og stunder blitt sjøve definisjonen på kva som må vere på plass i stova hos mor og far når det er jul.

Juleevangeliet handlar om frelsaren som vart fødd. Det var ikkje plass til han, ikkje ein gong i et enkelt herberge. Han måtte ta til takke med ein vesal stall. Heldigvis vitna englane om at det ikkje var ein vanleg fødsel som skjedde denne natta i Betlehem. «Der låg han med høy til pute, og gret på si ringe seng, men englane song der ute, på Betlehems aude eng.» Eg ynskjer deg ein fredfull advent og signa juletid.

Soknepresten



En jul å

glede seg til

Mange familier går en tøff tid i møte.
Din støtte kan gi barn som «ida» en tryggere jul.

VIPPS en gave til 13130
Gi på konto 3201 52 74165

 Blå Kors

SØKNADER TIL INNOVASJON NORGE

Du kan frå 15. november søkja om midlar til investeringar i 2023. Prioriteringane for bruk av midlane i Rogaland, er truleg klare i desember/januar, og me vil presentera dei då. Det er forventa om lag same prioriteringar som i 2022 med mjølkefjøs på inntil 30 båsar på topp, og deretter gjødsellager.

Du kan søkja med å logg deg inn her: <https://www.innovasjon norge.no/no/logg-inn-subsite/logg-inn/>

No er det opna for at du kan senda inn foreløpig søknad på denne linken, og ha dialog fram til endeleg søknad med saksbehandlarane på landbruk: Olav Tegle og Aart Magnussen.

HUNDEPORT LANGS TURSTIAR

Ikkje alle hundane vil gå over dei oppsette gjerdeklyvarane. No har vi gjort avtale med Uninor at dei kan produsera hundeportar for oss 😊. De bønder som har merka turstiar på dykkar eigedom, kan no søkja om å få tildelt dette gratis. Søknadsskjema finn du på heimesida vår, som etter utfylling kan sendast til gerdse@bjerkreim.kommune.no



Photo by Celine Sayuri Tagami on Unsplash



IDENTIFISER FORBEDRINGSPOTENSIALET I BEITEBRUKEN

Råd frå NLR - kopiert frå deira fagnytt:

Korleis har beitinga fungert i år?

Nå er sesongen 2022 friskt i minne. Det kan vera lurt å setja seg ned og vurdera kva som fungerte og kva som ikkje fungerte. Etterpå er det lurt å laga seg ei «to-do»-liste. Då veit du kva du skal gjera for å få ein betre sesong til neste år.

Døme på kontrollspørsmål å stilla seg sjølv:

- Var produksjonen som forventa på beitene?
- Beita dyra for lenge på eit beite før dei vart flytta?
- Traff eg med gjødslinga? (tidleg nok? Rett tid på overgjødsling?)
- Traff eg med beiteslepp?
- Er infrastrukturen i beitet god nok? (Grinder, stiar/vegar osv.)
- Er gjerdene tette?
- Er det god nok vasstilgang i alle beitene?
- Har eg rett beitesystem? (Skiftebeite/stripebeite/kontinuerlig beiting)
- Greidde eg å halda ugraset i sjakk?
- Kva kan eg gjera for å unngå desse problema til neste år?

INFORMASJON



MYKSVOLL
MIKROBRENNERI

kaffe bestiller du her:
HÅNDBRENT.NO
leveres på din dør i Bjerkreim



PITTERGARDEN VIKESÅ

☎ 415 14 836, 481 81 804

Ull produkter, håndverk

Lokaler med særpreg:

Årmålsdager, events, konserter.

Inn på Tunet "Trygg med hest", for barn

Arkitekter MNAL, NIL. www.arkaarreberg.no. Tlf 481 81 804



INFORMASJON

Gitar og Handverk DA

Gitarreperasjoner og rekvisita Blomsterdekor til alle anledninger, materiell

Velkommen til «løa» vår i Heiavegen 70 på Svela/Vikeså
Følg oss gjerne på  gitaroghandverk
Trond og Anne Rita, tlf 90018689/95237450

ADVOKAT1

ADVOKAT MONICA SOLBERG-LEINEBØ

Alminnelig praksis.
Åpent etter timeavtale på «Malerloftet», 4389 Vikeså
Tlf 924 69 775/ 4000 3150
solberg@advokat1.com, www.advokat1.com

HANMEDHATTEN.NO SILVERANDLIGHT.NO



POST@HANMEDHATTEN.NO, MOBIL: 90020955
DU ER HJERTELEG VELKOMMEN TIL VÅRT FOTOSTUDIO I RØYSLANDSDALEN 95

 Bjerkreim
legekantor
51 20 43 30

www.bjerkreimlegekantor.no

Vask hendene
og ta vare
på kvarandre!



Extra Vikeså

Man-Fre 07.00-23.00 Lør 08.00-21.00

Coop Byggmix / Landbruk

Man-Fre 08.00-18.00 Lør 09.00-16.00

Coop Prix Bjerkreim

Man-Fre 08.00-21.00 Lør 09.00-20.00

coop



Telefon 51 49 13 04

VELKOMMEN TIL
KLINIKKEN
PÅ NYTORGET 3!

Heste- og stordyrpraksis Tore Malmei 900 59 222
Kontortid: 08.00 - 09.30

Dyrlege Marit Brevik, Vikeså
Spesialistkompetanse på tannsykdommer
hund og katt
Timebestilling 95141920



Kiropraktisk behandling av dyr
Kastrering og sterilisering
Kirurgi
Digital røntgen
ID-merking
Vaksinering
Tannbehandling

Vikeså veterinærkontor
Vakt telefon alle dyr • Tlf. 51 45 21 65

ÅPENT TIL KL 22.00 HVER DAG



VIKESÅ
VEISERVICE AS

- Kafé
- Turistinformasjon
- Fiskekort m.m.

4389 VIKESÅ – Tlf: 51 45 97 00

VELKOMMEN INNOM!